Dei 3 siste banda i Festidalen 16.05.2012

Lonely Kamel, Supermale og Highasakite er dei 3 siste Festivalbanda som har kome på plass.

Lonely Kamel er eit Oslo-band, som mange beskriv som eit av dei feitaste rockebandai Norge. Lonely Kamel skal stå på scena på fredagen. Dei erinspirert av tung blues og 70-tals rock. Dei har gitt ut tre album, og det siste albumet ”Dust Devil” er det første albumet dei har gitt ut, etter at dei signerte med anerkjente Napalm Records. Ut frå meldingane av deira siste plate”Dust Devil” kan me forvente beinhard bluesrock, sludge, stoner og klassisk rock. Låta deira ”Evil Man” frå dette albumet finn ein på den germanske oktoberutgåva 2011 av Classic Rock Magazine’scd saman med band som Mastodon, Slash og Leslie West. Lonely Kamel er blitteitt ettertakta band, og var på Europaturné hausten 2011. I tillegg har dei spelt på festivalar som Roadburn Festival, Stoned from the underground, Burning Earth og Duna Jam.

Supermale er kjend som Norge sin nye super-synth-pop-act. No er dei klare for åta publikum med storm på laurdagen. Då Urørtvinnare og folkekjære Pony ThePirate offisielt blei lagt på is i 2011 valde tre av gutane frå Vestlandet å satsa alle kort på deilig dansbar synthpop. Det vil seia analoge synther ogfrisk dansing med bart. Supermale er ein reaksjon på indierockdiktaturet som har herja landet, mens resten av verda har levd i ei anna tid. Supermale er Stargate sin draum om å blande Rihanna og Kraftwerk, og laga fengan dedansemusikk som får sjølv folk som 'ikkje kan danse' til å danse!

Bandet brukte januar og halve februar i Canada, kor dei spelte inn debutalbumet sitt hos Digary Smallz (som tidlegare har produsert blant anna Young Liars, Joshua Hyslop, Oh No! Yoko). Trass i at dei berre har heldt på som trio i litt over eitt års tid har dei allereie spelt mange konsertar i Norge,til dømes klubbøya (Øyafestivalen), Oslo Fashion Week og Nordic By Nature i Festsaal Kreuzberg i Berlin, samt for eitt fullsett Parkteater under Get Dancy.

Highasakite er eit unorsk pop-band: La oss byrja i Brooklyn. Via Monrovia til Pireus og vidare til Stockholm. Highasakite miksar det heile opp – på naturligaste vis. No tar dei steget fram som eit avdei aller mest spennande banda på den norske scenen.
Trond Bersu fra Pelbo, Ingrid Helene Håvik fra Your Headlights Are On og Øystein Skar fra Sacred Harp er Highasakite. Saman lager dei smart popmusikk med ein instinktiv nerve og ein detaljrikdom som avdekkast og utfolder seg runde for runde.

”All That Floats Will Rain” er Highasakite sitt debutalbum, det er knappe fem månader etter bandet hadde sin første konsert. På den tida hadde dei allereie blitt kåra til Ukas Urørt for demoen til den P3-lista singelen ”IndianSummer”, og vunne ein studioinnspeling i Ocean Sound Recordings i kamp med 95 andre band. Til sommaren spelar Highasakite på fleire av Norge sine største festivalar, og Øyafestivalen var først ute med å offentleggjere Higha sakite som sitt nye favorittband.

Ingrid Helene Håvik har utvilsamt ei av landet si tydeligaste signaturstemme. Både stemma, dei intelligente tekstane og låtskrivartalentet set sitt markante preg på låtane. Bland dette med Trond sine drivande groover og break beats inspirert av elektronika og afrikansk folkemusikk og Øystein sine mystiske synth-univers, og du har einelektronisk regnboge av eit debutalbum. ”All That Floats Will Rain” er eit stykke inspirert og kjølig moderne indiepop frå eit band som kjem til å gjere seg gjeldande i lang, lang tid.

Med årets program meiner Festidalen bestemt at dei har fått laga til ein framifrå fest for musikkinteresserte menneske i alle aldrar. Det blir eit eige familieområde, eller kosekrok , og eigne salsboder for dei små. Når det gjeld anna praktisk informasjon kring billettar til born og ungdom under 18 år vil det bli presentert eit skriv om dette på nettsida til festivalen. (www.festidalen.no) og på www.billettservice.no opplysar Festidalen.

For å avslutte kvelden på laurdagen etter konsertane, vert det nachspiel med Asbjørn Slettemark og Torgrim Øyre som platesnurrarar.

På fredag opnast området kl 1800 og på laurdag startar festen kl 16 folk bes omom å møte opp i god tid.